



Til alle 10-åringar i Jondal sokn, m/føresette;

Jondal 3.oktober 2025

På Bots- og bøneding, søndag 26.oktober, er det Hausttakkefest i Jondal kyrkje. Du som fyller 10 år i 2025, er særskild invitert til denne gudstenesta. Kyrkjelyden ønskjer å gje deg og alle 10-åringar i Jondal sokn, GODT NYTT (Det nye testamentet- NT) i gåve denne dagen.

NT er ein del av Bibelen, som er den heilage skrifta i kristendommen. Bibelen er også eit dokument som Noreg har vore bygd på sidan 1030.

Seinare vil du som er døypt og står i kyrkja sitt medlemsregister, også **få tilbod om å vere minikonfirmant** med 2-4 samlingar i kyrkja og kanskje ein tur til våren. Dersom du ikkje er døypt, eller tilhører eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, og likevel ønskjer å få invitasjon til LysVaken-helg 25-26/10 og/eller minikonfirmantopplegg, kan de seie at de ønskjer dei invitasjonane når de sender melding og takkar ja eller nei til GODT NYTT som gåve.



På hausttakkefesten vert namna på 10-åringane opplesne, og dei som er tilstades kjem fram og mottek GODT NYTT. **Takk for at alle de som får denne invitasjonen sender tilbakemelding til Anne Karin pr SMS til mobil91394982 innan 20.oktober** (eller gjerne med ein gong), der de melder anten

- 1) Takk for invitasjonen. X (namnet på barnet) kjem på hausttakkefesten og tek imot gåva.
- 2) Takk for invitasjonen. X (namnet på barnet) har ikkje høve til å kome på hausttakkefesten, men ønskjer å motta gåva i etterkant.
- 3) Takk for invitasjonen. X (namnet på barnet) ønskjer ikkje å ta imot gåva.

Som ei helsing frå Jondal sokn, skriv vi namnet ditt i boka og stemplar med gåve frå Jondal sokn. Difor er det viktig for oss å vite kven som ønskjer å ta imot gåva. Under utdelinga les vi berre opp namna på dei borna som har takka ja.

Velkomen!

Venleg helsing

Anne Karin Stormyr,

trusopplærar & kantor i Jondal sokn,



- * **På Hausttakkefesten kan alle born som vil, vere med i inngongsprosesjonen og bære fram frukt, blomar eller grønsaker som vi pyntar med, framme i kyrkja.** Ta gjerne med noko sjølv. Elles har vi litt på lur, slik at alle skal få bere noko. Møt kl.10.50 i Våpenhuset/kapellet om du vil vere med og bere inn og å pynte framme i kyrkja.
- * **Advents-, jule- & vinterutstilling: Alle born i soknet opp til og med 15 år kan vere med og pynte kyrkja til advent/ jul/ vinter.** Vi tenkjer å lage ei utstilling av stjerner og englar som vert hengt opp under galleriet. Utstillinga opnar på Ljosmessa, og alle som vil vere med, leverer sin engel eller si stjerne til Anne Karin innan 25/11. Materiell og metode velgjer de sjølv, men storleiken bør ikkje vere større enn max 20 x 20 cm.